GULEN KOMMUNE
HISTORISK OG FRAMTIDSRETTA

Prioritering av akvakultur – korleis lage gode kommuneplanar for framtida?

Miljøseminar Florø 09.02.2017
Håvard Tveit, Gulen kommune

Kva har Gulen kommune?

- 2400 innbyggjarar
- 900 bustader
- 1300 hytter
- Lang historikk med lokale akvakulturaktørar

BREKKE i SOGN: Norges våteste sted.

…og kva med akvakulturen i Gulen?



- 17 lokalitetar
- 2 aktørar
- 2 slakteri
- Total MTB 40140 tonn

Akvakultur - lokaliteter

- Matfisk laks, ørret, regnbueørret
- Særtillatelser
- Settefisk laks, ørret, regnbueørret
- Stamfisk laks, ørret, regnbueørret
- Slaktemerd
- Andre arter/formål
- Bløtdyr, krepsdyr, pigghuder
- Alger

Arealdelen av kommuneplanen

- Gulen har rullert kommuneplanen sin arealdel i 2010 og 2014. Etter planen skal deler av han rullerast i 2018
- Prosessen kring endringar for akvakulturområda startar med eit eige møte med kvar dei største aktørane (2 stk)
  - Kva går utviklinga mot
  - Kva er behovet for nye areal
  - Kva kan ut av planen
- Møtet er også ein statusrapport og oppdatering for begge partar. Det er eit mål å legge til rette for ei naturleg og god utvikling for næringa.

Vidare prosess…

- Kommunen baserer seg på næringa sine vurderingar av kva som er gode lokalitetar
- Avsett areal må vere stort nok til at anlegget kan plasserast på ulike måtar alt etter resultat av kommande detaljundersøkingar.
- Endeleg «dom» over kor eigna området er, kjem først ved dokumentasjon og handsaming av løyve etter Akvakulturlova
- I høyringsprosessen kjem det som oftast innspel frå grunneigarar som er mot nye område. Det er då viktig at områda ikkje er unødvendig store og at det totale arealet avsett til akvakultur ikkje aukar. Mykje motstand – særleg frå fastbuande, har medført at område vert tatt ut av planen

…og eit resultat…

- Den endelege planen vert i praksis ein miks av historikk og naturleg utvikling i næringa
  - Fleire små lokalitetar ⇨ færre store i opnare farvatn
  - Redusert antal forenklar arealplanlegginga
  - Deler av sjøområdet er prioritert til friluftsliv og naturbruk. Naudsynt m.a. for hyttene
- Det er ei utfordring i arbeidet med kommuneplanen å sikre at planen vert gjort godt nok kjent til grunneigarane.

…som ser slik ut…



1.10 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhørande strandsone Pbl. § 11-7, nr 6, areal for spreidd bygningnar, jf. Pbl. § 11-11, nr. 7.

§ 1-10-A I sjøområde som i kommuneplanen er satt av til låssetting av fisk, har tradisjonelt fiske prioritet foran øvrige aktivitetar. Det må ikkje kome installasjonar i låssettingsplassane som kan hindre utøving av fiske.

§ 1-10-B Fortøyingar til akvakulturanlegg kan ved behov gå utanfor område avsett til akvakultur (AK), dersom dette ikkje er i konflikt med tilgrensande arealbruk. Fortøyingar skal ikkje gå inn i områder merka «Fiske».

§ 1-10-C Planar om tiltak som medfører varige inngrep i sjøbotnen skal leggjast fram for Bergens Sjøfartsmuseum til uttale via fylkeskommunen.

§ 1-10-D Føresegner angåande sjøareal for Fensfjorden bassenget ligg ved.

Kvifor kan me gjere det slik?

- Positiv haldning til næringsliv i kommunen
- 2 slakteri synleggjer meir av verdiskapinga
- Framleis lokalt eigarskap gjev truleg lettare politisk aksept
- Få aktørar gjev oversiktlege tilhøve og forenklar samarbeidet innad i næringa og mellom næring og kommune
- Jamleg rullering, men og mogeleg å gje dispensasjon dersom dette ikkje medfører samla auke i areal avsett til føremålet.

Suksesskriterium

- Fokus på rolla som planmynde.
- Løyve etter akvakulturlova sikrar miljø, dyrevelferd etc.
- God dialog
- Jamnleg rullering – akvakulturområda bør vere med kvar gong deler av planen vert rullert

- Takk for merksemda!